

Referat kommunedirektørutvalet 14.11.2022

Til stades:

Frantz A. Nilsen (Evje og Hornnes), John S. Sigridnes (Bygland), Kåre Einar Larsen (Åseral) og Vidar Homme (Valle).

Karina S. Grindland (Bykle)

Møtet vart halde på kommunehuset på Evjemoen.

Referent Vidar Homme

Saker

Orientering, Setpro.

Styreleiar (Lars-Ivar Gjørv) og dagleg leiar (Jan Gunnar Østerhus) i Setpro orienterte om status, utfordringar og moglegheiter framover, inkludert organisering/konsernmodell, potensielle synergiar mellom selskapene og kva selskapet som omfattar sal av kommunale tenester kan nyttast til.

Framlegg til agenda for eigararmøtet i desember vart presentert og drøfta. KD-utvalet hadde ingen merknader til framlegget.

Nullvisjonen Agder

Dønnestad/Birkeland orienterte om verksemda i Nullvisjonen Agder. Nullvisjonen driv først og fremst haldningskapande arbeid for å auke trafikktryggleiken i fylket. Setesdals-kommunane har pr i dag ikkje tilgang til tenestene til Nullvisjonen (bortsett frå Åseral som har vore ein del av dette frå starten). Administrasjonen i fylkeskommunen hadde planlagt ei eiga sak om å utvide Nullvisjonen sitt område til å gjelde heile fylket, men av ulike grunnar vart ikkje saka fremja likevel.

Kommunedirektørutvalet meiner kommunane i Setesdal bør få tilgang til Nullvisjonen problemstillinga er minst like aktuell her som i resten av fylket. Saka må takast opp med fylkespolitikarar frå regionen i samband med budsjettetthandsaminga i fylkeskommunen. Den enkelte kommunedirektør ansvarleg for å ta dette vidare med politisk nivå.

Tom Erik sender over utkast til sak/dokument som er spela inn til den politiske handsaminga i fylkeskommunen. Vidar sender vidare til kommunedirektørutvalet.

IKT Agder

Jon Mjellekås orienterte om status i hovudprosjektet som gjeld onboarding Setesdal. Så langt er prosjektet i rute.

Lagringsinstruks

Framlegg til instruks vart samrøystes vedteken. Behov for felles teamsopplæring for alle tilsette i regi av IKT Agder. Mjellekås innarbeider opplæringa i onboarding-prosjektet og orienterer kort om dette på den planlagde samlinga i Arendal i desember. Lagringsinstruksen vert implementert til våren.

Sak/arkiv

Mjellekås tilrår at Setesdal kommunane ikkje byttar leverandør, men går over til skyløysing for elements. Må uansett ut med nytt anbod i løpet av 2 til 4 år, jf. Ekko-prosjektet. Kommunedirektørutvalet slutta seg til dette.

Tilgang til forvaltningsportalen i IKT Agder?

Einigkeit om at slik tilgang bør kome på plass og Mjellekås undersøkjer dette i forkant av samlinga i Arendal.

Informasjon til interkommunale samarbeidstiltak/selskap

Mjellekås og Frantz utarbeider felles skriv til dette føremålet. Generell informasjon om kva som skal skje, og når det skjer.

Digi Agder

Astrid Louise Andersen er Setesdals representant i Digi Agder og deltok då saka vart drøfta. Ho orienterte frå nettverksmøte nummer 11 i regionalt digitaliseringsnettverk.

Presentasjonen og ein del annan informasjon vart sendt ut i etterkant av møtet.

Det vart avtala at Astrid framover deltek regelmessig på møta i kommunedirektørutvalet for å informere om status.

Tilsyn, vatn og avløp

Kåre Einar orienterte. Det er ynskjeleg med interkommunalt samarbeid om å føre tilsyn med kvarandre på va-området. Behov for ein enkel samarbeidsavtale som grunnlag. Åseral tek ansvaret for å lage ei skisse til samarbeidsopplegg/avtale.

Kraftøkonomi

Kåre Einar orienterte om funn av vesentleg differanse mellom eigedomsskattegrunnlaget til Agder Energi og kva som er faktisk grunnlag i hht til gjeldande lov og regelverk. Konsekvensen er at Åseral kommune truleg har krav på høgare eigedomsskatt og av den grunn gått glipp av inntekter. Kommunen har gått til sak for å få ei avklaring. Problemstillinga er truleg den same i andre kraftkommunar. Åseral har eigen fagperson til å gå i djupna på desse spørsmåla, men kompetansen er sårbar og meir kompetanse og ressursbruk i kraftkommunane bør vurderast. Styrking av fagmiljøet i KIKS er eit aktuelt spor å fylgje.

John S. orienterer i fyrste om gang om problemstillinga i neste SIPR-møte.